



Kristian Aulie Mørk
Gjeble Pederssøns Gate 19
5034 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/4149 - 23/48379

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Løyve til å byggje landbruksveg i vegklasse 7 traktorveg på gbnr. 12/19 Veland i Alver kommune.

Administrativt vedtak: Saknr: 694/23

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Kristian Aulie Mørk løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 12, bnr. 19 Veland i Alver.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 – traktorveg. Avvik kan førekome i høve stigning og vegbreidde slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Vedtaket er gyldig til 01.07.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.07.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Før arbeidet startar opp må andre løyve etter anna regelverk vere på plass. Det gjeld t.d. avkøyrsløve/endringsløyve/mellombels avkøyrsløve til avkøyrsløve til offentlig veg.
- Vedtaket er gyldig til 01.07.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.0.2027.
- Området må ryddast opp etter anleggsslutt.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Kristian Aulie Mørk søker om å gradere opp gamal landbruksveg til vegklasse 7 – traktorveg på gnr. 12, bnr. 19 Veland i Alver. Vegen vil avvike noko frå normalen til denne vegstandarden då den skal verte 2 til 2,5 m brei. Vegen vil verte så vidt over 150 m lang. Føremålet med vegen er tilkomst til naust og lette tilkomsten til den gamle innmarka slik at denne lettare kan haldast i hevd med mellom anna innleigde geiter om sommaren. Store delar av vegen er alt bygd. Vegen er per i dag tilpassa lastebilar for å få på plass naudsynt masse. Når masseplasseringa er ferdig, skal vegbreidda reduserast ved at gravemaskina tek med seg overskotsmasse opp att. Denne massen skal nyttast til heve eit arealnett aust for tunet. Vi gjer for ordens skuld merksam på at det tiltaket er søknadspiktig. Det vert/er ikkje etablert massetak i samband med bygging av vegen, men det vert køyrt til eksterne massar.




Fig. 1. Oversyn over traséen og lengda teikna inn etter kart vedlagt søknad.



Fig. 2. Rett vest for tunet gå vegen vestover mot grensa til naboegedomen. Tunet ligg bak fotografen og ein veg skal gå vestover gjennom tunet til gamal innmark.



Fig. 3. Vegen sett opp mot tunet der fig. 2 vart teke.



Fig. 4. Etter at vegen svingar søraust att, held den fram ned forbi kirsebærtreet for så å svinge vestover att der nausta ligg – sjå fig. 5.



Fig. 5. Vegen skal halde fram om lag 10-15m mot nausta. Delar av bergnakken om lag midt i biletet, må fjernast.



Fig. 6. Nett nedanfor tunet skal vegen gå eit stykke bortover den gamle innmarka til ei område som er tenkt heva – sjå fig. 7.



Fig. 7. Vegen skal ende om lag der fotografen står. Planen er å heve arealet i «søkket» til litt lågare enn toppen på kanten til høgre i biletet. Nivået på hevinga til venstre vil gå frå toppen av kanten der.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til naust og innmarksbeite på eigen eigedom og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen, men i nærleiken er det observert grønnfink som er rekna som ein sårbar art. Observasjonen er frå 2023 og er såleis fersk.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det er tilstrekkeleg opplyst at vegen er ein landbruksveg. Det ligg til kommunen å vurdere dette, noko vi har gjort både synfaring og den positive innverknaden vegen har på framtidig skjøtsel av m.a. innmarka. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, men dei ber om at landbruksavdelinga innhentar en uttale frå kulturavdelinga i Alver, då vegen som skal endrast er eit eldre vegfar med bevarte tørrmurar. Det har vi gjort og etter purring har vi ikkje fått svar derifrå.

Fylkeskommunen ber òg om ein under arbeidet søkje å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stogkast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har i brev av 20.06.23 gjeve uttale. Dei har ikkje merknader til sjølve søknaden, men peikar på det grunnleggjande kravet i landbruksvegforskrifta at landbruks-interessene skal utgjere hovudformålet med vegen. Dei stiller spørsmål om det er tilfellet for denne vegen. Eit av hovudføremåla med vegen er stell og skjøtsel av kulturlandskapet det vil sei den gamle innmarka på bruket som i dag er registrert som innmarksbeite i gardskartet. På denne delen av eigeidomen utgjer det 11,1 daa. Søkjar har planlagt å leige inn beitedyr alt denne sommaren for å halde beitet ved like. Vi meiner dette gjer at hovudvekta av interessene i vegen er landbruk.

Tiltaket ligg i 100 metersbeltet i høve strandsona. Kommuneplanen sin arealdel opnar for at tiltak som er landbruksrelaterte, kan gjennomførast i dette området.

Tiltaket vil i all hovudsak vere skjult frå sjøsida, men òg frå vegsida. Vegen vil verte smalare enn kva normalar for landbruksvegar legg opp til, men dette vil dempe inngrepet ytterlegare. Vegen vil vere tilpassa ein gamal tohjuling som står på bruket.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. I dette tilfellet er det registrert grønfink på kringliggjande areal, men ikkje direkte i tiltaksområdet. Grønfink er vurdert som ein sårbar art. Vi meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med grønfinken. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Heile veganlegget ligg på bnr. 19 (inkludert tilkomstveg) og det er etter kommunen sitt syn ikkje naudsynt med å avklare privatrettslege tilhøve.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar

- Normaler for landbruksveggar – med byggjebekrivelse
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/4149»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kristian Aulie Mørk

Gjeble Pederssøns Gate 5034 BERGEN
19